



## HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Førespurnad under nasjonal terskel

ved anskaffing av:

**HFK-14-0123 Markering av Europeisk mobilitetsveke (EMU) i Bergen**

|   |          |
|---|----------|
| <b>FØRESPURNAD UNDER NASJONAL TERSKEL .....</b>         | <b>1</b> |
| <b>VED ANSKAFFING AV: .....</b>                         | <b>1</b> |
| <b>1 OPPDRAGET OG ADMINISTRATIVE FØRESEGNER.....</b>    | <b>3</b> |
| 1.1 Om Oppdragsgjevar .....                             | 3        |
| 1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson .....              | 3        |
| 1.3 Anskaffinga gjeld .....                             | 3        |
| 1.4 Tidsplan .....                                      | 3        |
| <b>2 KRAV TIL LEVERANDØRENE.....</b>                    | <b>4</b> |
| 2.1 Kvalifikasjonskrav .....                            | 4        |
| 2.2 Kravspesifikasjon/skildring av leveransen .....     | 4        |
| 2.2.1 Generelt om leveransen .....                      | 4        |
| 2.2.2 Gjennomførings- og leveringsperiode .....         | 4        |
| 2.2.3 Kontrakt .....                                    | 4        |
| 2.3 Tildelingskriterier .....                           | 4        |
| <b>3 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN .....</b> | <b>5</b> |
| 3.1 Anskaffingsprosedyre .....                          | 5        |
| 3.2 Krav til tilbodet og innleveringsstad .....         | 5        |
| 3.3 Tilbodsfrist .....                                  | 5        |
| 3.4 Vedståingsfrist .....                               | 6        |
| 3.5 Tildeling av kontrakt og grunngjeving .....         | 6        |
| 3.6 Innsyn i dokument .....                             | 6        |
| <b>4 VEDLEGG .....</b>                                  | <b>6</b> |

## 1 Oppdraget og administrative føresegner

Hordaland fylkeskommune inviterer dykk til å delta i konkurransen om anskaffing av Markering av Europeisk mobilitetsveke (EMU).

### 1.1 Om Oppdragsgjevar

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle Hordalandssamfunnet.

Vi gjev mellom anna kollektivtransport til innbyggjarane i fylket, og vi har ansvar for vefsamband.

Fylkeskommunen er det mellomste av dei tre forvaltningsnivåa i Noreg, og er styrt av fylkestinget.

### 1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson

Namn: Bente Utne  
E-postadresse: bente.utne@hfk.no

Eventuelle spørsmål skal rettast til kontaktpersonen via spørsmålsfunksjonen på HFK sin leverandørportal.

Det skal ikkje være kontakt/kommunikasjon med andre personer hos oppdragsgjever enn nemnde kontaktperson.

### 1.3 Anskaffinga gjeld

Europeisk mobilitetsveke (EMU) vert årleg markert i kring 2 000 byar i Europa frå 16. – 22. september. Målsettinga er å fremme miljøvennlege reiser og oppmøde til å la bilen stå. I løpet av veka vil det vere ulike arrangement for å promotere sykkel, gange, kollektivtransport og samkjøring, samt å vise korleis byrom i Bergen kan vere utan biltrafikk. Slagordet for EMU 2014 er «Våre gater, vårt valg».

EMU i Bergen er eit samarbeidsprosjekt mellom Hordaland fylkeskommune HFK, Bergen kommune, og Statens vegvesen. Det er HFK, ved samferdselsavdelinga, som er ansvarleg for innkjøpet og kontraktspart.

Oppdragsgjevar ønskjer å inngå kontrakt med ein leverandør om gjennomføring av arrangement for markering av EMU i Bergen.

### 1.4 Tidsplan

| Planlagt veke      | Aktivitet                          |
|--------------------|------------------------------------|
| 24                 | Invitasjonen sendt til tilbydarar  |
| 01.07.14 kl. 12.00 | Tilbodsfrist                       |
| 27                 | Tilbodsevaluering og val av tilbod |
| 27-28              | Kontraktinngåing                   |

## 2 Krav til leverandørene

### 2.1 Kvalifikasjonskrav

Krav til leverandøren:

- Leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til skatte- og meirverdiavgiftsinnbetaling.

Dette skal dokumenterast ved at tilbydar leverer inn skjema frå Skattedirektoratet (RF-1244) for meirverdiavgift utstedt av skattekontoret og skjema frå Skattedirektoratet (RF-1244) for skatt og arbeidsgjevaravgift utstedt av skatteoppkrevjarkontoret.

- Leverandøren skal ha tilfredsstillande system for HMT.

Dette skal dokumenterast ved at tilbydar leverer inn HMT-eigenerklæring. Bruk gjerne den vedlagte malen.

### 2.2 Kravspesifikasjon/skildring av leveransen

#### 2.2.1 Generelt om leveransen

Krav til leveransen kjem fram i Vedlegg 1 - Kravspesifikasjon.

#### 2.2.2 Gjennomførings- og leveringsperiode

Ytingane skal utførast i perioden frå kontraktssignering til 3. oktober 2014.

Perioden frå kontraktssignering fram til 21. september gjeld oppstartsførebuingar og marknadsføring, alle dagar i perioden 22. september – 28. september gjeld gjennomføring av den direkte publikumsretta leveransen. Perioden frå kontraktssignering til 3. oktober gjeld eventuelt naudsynt etterarbeid og dialog med Oppdragsgjevar.

#### 2.2.3 Kontrakt

Avtaleforholdet vil bli regulert av vedlagte kontraktsvilkår.

### 2.3 Tildelingskriterier

Tildeling av kontrakt skal skje på basis av kva for eit tilbod som er det økonomisk mest fordelaktige ut ifrå følgjande kriterier:

| Tildelingskriterium | Prioritet |
|---------------------|-----------|
| Gjennomføring       | 1         |
| Pris                | 2         |

Med 'gjennomføring' meinast her korleis leverandøren utformar sin plan for gjennomføring av leveransen. Leverandør skal beskrive/visualisere sitt forslag til løysing av oppdraget i tråd med kravspesifikasjon. Særleg vekt vil bli lagt på vurderinga av korleis leverandør vil gjennomføre «Bilfri dag» 20. september.

Prissetting av tilbodet: Leverandør skal fastsette ein totalpris som skal omfatte alle utgifter i samband med dei ulike arrangementa og dei innkjøp som er nemnde i kravspesifikasjonen og leverandøren sitt løysingsforslag. I tillegg skal timepris for anna arbeid som for eksempel møter med Oppdragsgjevar framkomme. I evalueringa vil timepris gangast med 50.

### 3 Regler for gjennomføring av konkurransen

#### 3.1 Anskaffingsprosedyre

Konkurransen vert regulert av lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Denne anskaffinga si berekna verdi er under den nasjonale terskelverdi på kr 500 000 ekskl. mva. og er friteken frå kunngjøringsplikta. Konkurransen var gjennomført etter forskrifta sine alminnelige føresegner (del I) og dei føreseggnene som følger av dette konkurransegrunnlag.

#### Anbodskonkurranse

Konkurransen vil bli gjennomført som en anbodskonkurranse. Forhandlingar er ikkje tillate. Leverandøren vert oppmoda til å gje sitt beste tilbod.

#### 3.2 Krav til tilbodet og innleveringsstad

Tilbodet skal leverast på elektronisk format i leverandørportalen til HFK; <https://anskaffingar.hfk.no/Avantra/Customer/Hordaland/Modules/Purchase/Published/>

Ved innlevering skal det følgje med et tilbodsbrev kor det tydeleg skal gå fram:

- Verksemda sitt namn
- Adresse
- Organisasjonsnummer
- Kontaktperson med e-postadresse og mobiltelefonnummer
- Eventuelle etterhald skal klart gå fram av tilbodsbrevet med tilvising til kvar i tilbodet etterhaldet finst.

Vedlagt mal for tilbodsbrev skal nyttast.

#### 3.3 Tilbodsfrist

Tilbodsfrist er sett til 1. juli kl. 12.00.

Etter at tilbodsfristen er gått ut vil det ikkje vere mogeleg å levere tilbod i leverandørportalen.

### **3.4 Vedst  ingsfrist**

Leverand  rene er bunde av tilbodet til 1. august 2014.

### **3.5 Tildeling av kontrakt og grunngjeving**

Gjenverande leverand  rer som har delteke i konkurransen vil f   ei skriftleg tilbakemelding om kven oppdragsgjever vil inng   kontrakt med, og grunngjeving for valet.

### **3.6 Innsyn i dokument**

  lmenta har rett til innsyn i tilbod og protokoll etter at tilbydar er valt – sj   lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23 tredje avsnitt, jf. forskrift av 7. april 2006 nr. 402 om offentlege anskaffingar (FOA) § 3-5. Oppdragsgjевaren er p  lagd    f  lgje prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

I tilbodet m   det g   klart fram kva opplysningar tilbydaren meiner er omfatta av teieplikt etter FOA § 3-6, eller som av andre grunnar skal vere unntakne fr   innsyn. Oppdragsgjevaren gjer merksam p   at informasjon fr   tilbydaren berre er rettleiande, d   oppdragsgjevaren pliktar    gjere ei sj  lvstendig vurdering av krav om innsyn opp mot lovverket, jf. offentleglova.

## **4 Vedlegg**

Vedlegg 1: Kravspesifikasjon

Vedlegg 2: Mal for tilbodsbrev

Vedlegg 3: HMT - eigenerkl  ringsskjema

Vedlegg 4: Kontraktvilk  r